



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
04.01.2013  
Dykkar dato  
26.11.2012

Vår referanse  
2010/76808 561  
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Konsesjonssøknader for Øystese kraftverk og for overføring frå Vossadalsvatnet til Svartavatnet – motsegn til overføring av Vossadalsvatnet**

Fylkesmannen fremjar motsegn til overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger. Vi legg vekt på dei nasjonale og regionale verdiane i høgfjella. Området er og eit inngrepsfritt naturområde og viktig for friluftsliv og rekreasjon.

Vi har merknader til eventuelle konsesjonsvilkår for utbygging i nedre del av Øysteseelva.

NVE bør utarbeide eit oversyn som gir eit bilete av inngrepsstatus i området mellom Osterfjorden, Kvamskogen, Hardangerfjorden og Bergsdalen. Dette vil vere nødvendig grunnlag for å vurdere samla belastning og omfanget av eventuell vidare utbygging i området.

Fylkesmannen viser til samla høyring på konsesjonssøknader med konsekvensutgreiingar for følgjande utbyggingsprosjekt:

- Øystese Kraft AS: Øystese kraftverk.
- BKK Produksjon AS: Overføring frå Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget.

Fylkesmannen har fått utsett høyringsfrist.

### **Vi treng betre grunnlag for å vurdere samla belastning**

I tillegg til dei to konsesjonssøknadane ligg det føre fleire søknader om utbygging i området mellom Osterfjorden, Kvamskogen, Hardangerfjorden og Bergsdalen<sup>1</sup>. Både BKK Produksjon AS og andre utbyggingsaktørar står som søkjarar. Prosjekta er til dels i innbyrdes konflikt.

1

BKK Produksjon AS: Utbygging av Samnangervassdraget 2010.  
Aldal Kraft AS: Konsesjonssøknad for Aldalselva kraftverk.  
Produksjon AS: Overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnangervassdraget.

Det har vore utbyggingar i det aktuelle område over lang tid. Eksisterande utbyggingar til tross, det er store landskaps- og friluftsverdiar i området. INON-området sør for Hamlagrøvatnet er mellom dei største inngrepsfrie områda utanom verneområde i Hordaland.

Det store presset på nye utbyggingar gjer det generelt sett svært utfordrande å sikre ei langsiktig og berekraftig forvaltning av våre vassdragsressursar. Fylkesmannen meiner det er heilt nødvendig å sjå dei aktuelle prosjekta i samanheng, ikkje minst når det gjeld samla belastning. Kravet i naturmangfaldlova § 10 er å vurdere summen av både eksisterande og framtidige påverknad.

Fylkesmannen saknar difor eit dokument som gir eit bilete av inngrepsstatus. Søknadane med konsekvensutgreiingar omfattar influensområdet isolert for dei aktuelle prosjekt. I korte avsnitt er det referert andre utbyggingar i regionen, men ingen av aktørane viser samla oversyn over eksisterande, omsøkte og framtidige påverknad på naturmangfaldet. Inngrepa er synt i ein kartskala og eit detaljnivå som ikkje gir eit reelt eller fullstendig bilde av korleis landskap og anna naturmangfald er og kan bli påverka.

Fylkesmannen vil oppmode NVE om å samanstille slik informasjon i eitt samla dokument. Det må og innehalde oversyn over produksjonspotensialet ved dei ulike prosjekta. Dette kan gjerast i samband med fastsetting av utgreiingsprogram for overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnanger og i alle fall før ein gjer vedtak om konsesjon til omsøkte utbyggingar i området.

Etter vårt syn bør NVE sende dokumentet til relevante høyringspartar for å få innspel på spørsmålet om vidare utbygging. Dette vil bidra til å sikre at omsynet til naturmangfaldet vert grundig vurdert opp mot andre samfunnsinteresser, spesielt urørt natur, sårbare fjellområde og friluftsliv.

### **Tidlegare reguleringar og handsaming i verneplan og Samla plan.**

Samnangervassdraget har tidlegare vore bygd ut i fleire trinn. Det er reguleringsmagasin i Øvre- og Nedre Dukavatnet, Svartavatnet, Kvittingsvatnet, Grøndsdalsvatnet og Fiskevatnet og kraftproduksjon i fem ulike kraftverk.

Øystesevassdraget er i dag eit intakt vassdrag, utan reguleringar. Vassdraget har godt dokumenterte kvalitetar knytt til landskap, friluftsliv, inngrepsfrie naturområde og variasjonsriksdom i naturtyper frå fjell til fjord, inkludert anadrom strekning i nedre del av vassdraget.

Øystesevassdraget har vore vurdert i supplerande verneplan for vassdrag. I samband med handsaminga av verneplanen våren 2009 vedtok Stortinget å ikkje gi vassdraget varig vernestatus<sup>2</sup>. Det vart opna for å søkje konsesjon til utbygging.

Begge utbyggingsprosjekta har fritak frå handsaming i Samla plan, jf. brev frå Direktoratet for naturforvaltning av 21. januar 2010 til BKK Produksjon AS og 6. mai 2010 til Øystese Kraft AS.

---

<sup>2</sup>

St. prp. nr. 53 (2008 – 2009) Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering.

## Kort om utbyggingsplanane

### Overføring av Vossadalsvatnet

I prosjektet vil ein fjerdedel av nedbørsfeltet i Øystesevassdraget førast over til Samnangervassdraget. Øvre del av Øystesevassdraget, frå Vossadalsvatnet til Fitjadalsvatnet vil få sterkt redusert vassføring. Inngrepet vil bli spesielt synleg og merkbart i Fitjadalen. I Botnane midt i Fitjadalen vil vassføringa vere redusert med om lag 50 prosent. Nedafor Fitjadalsvatnet vil vassføringa auke til 60 – 70 prosent av tidlegare vassføring, mellom anna på strekninga med den viktige Ørredalsfossen.

Etter overføringa vil vatnet bli nytta til kraftproduksjon i eksisterande kraftverk i Samnangervassdraget, og føre til ei produksjonsauke på 38 GWh vurdert ut frå dagens anlegg. Dersom BKK får løyve til å byggje Aldal kraftverk eller nytt Frøland kraftverk, vil overføring av Øystesevassdraget gi ein auke på høvesvis 54 GWh eller 48 GWh.

Det skal byggjast ein dam omlag 25 m nedafor naturleg utløp av Vossadalsvatnet. Dammen blir 40 m lang og 4 m høg. Vidare blir det bygd inntak til ein 3530 m lang overføring tunnel omlag 1,5 m under vasstanden i Vossadalsvatnet. Vatnet vil bli ført ut i Søyegjeldet nordaust for Svartavatnet. Utløpstunnelen i Søyagjeldet vil skape ei «ny elv» gjennom gjelet, ein strekning på omlag 900 m ned til vatnet. Det vert og bygd ein veg langs ”elva”. Tilkomst til anleggsområdet skal skje med båtar og lekter over vatnet.

Driving av tunnelen vil skje frå Svartavatnet, og det vil ikkje vere riggområde ved Vossadalsvatnet. Tunnelmassar, omlag 120 000 m<sup>3</sup>, vil bli plassert under HRV i Svartavatnet.

Det er foreslått minstevassføring til 5-persentil sommar og vinter, dvs. 115 l/s frå 1. mai – 30. september og 40 l/s frå 1. oktober – 30. april. Grunngevinga er avbøtande tiltak for friluftsliv og fugleliv langs vassdraget.

I øvre del av Øystesevassdraget, frå Vossadalsvatnet ned til Fitjadalsvatnet vil ein særleg merke at det blir redusert vassføring. Konsekvensutgreiinga legg særleg vekt på endringane i vassføring i Øystesevassdraget. Dei andre inngrepa er sett på som små og lite synlege. Samla konsekvens for landskap er sett til *middels (til liten) negativ (-/(-))*.

Fylkesmannen vil peike på at omfanget av restvassføringa lenger ned i Øystesevassdraget har liten relevans dersom det i tillegg vert opna for utbygging av Øysteseelva nedafor Fitjarvatnet.

Prosjektet vil føre til samla bortfall av INON-område på 9,13 km<sup>2</sup> i sentrale fjellområde mellom Hamlagrøvatnet i Bergsdalen og Kvamskogen. Av dette vil 7,33 km<sup>2</sup> vere endring frå INON-sone 1 til INON-sone 2. Til tross for store talmessige tap i sentrale fjellområde i Hordaland, vurderer søkjer at dette har lite omfang og sett konsekvensane som *liten/middels negativ (-/--)*.

Under tema friluftsliv i konsekvensutgreiinga er det vist til at områda frå Vaksdalfjella til Fyksesundet og frå Kvamskogen til Bergsdalen og Vossafjella er det største området nær Bergen utan tekniske inngrep. Tilretteleggingstiltak, hytter til overnatting og mange turløyper både sommar og vinter viser at området er mykje i bruk og har stor regional verdi. Til tross for verdifastsettinga meiner søkjar at konsekvensane av utbygginga samla er *lite negativ (-)*.

## Øystese kraftverk

Alternativet som er omsøkt (A1) gjeld nedre del av vassdraget. Middels årsproduksjon er stipulert til 63 GWh. Det er planlagt inntak i Øysteseelva mellom Fitjadalsvatnet og Ørredalsfossen på kote 254. Vatnet vil bli ført inn i ein sjakt og overføringstunnel fram til kraftstasjon i fjell på vestsida av elva. Utløpet er planlagt ved Laksehølen ovanfor anadrom strekning.

Utbygginga vil ikkje føre til tap av inngrepsfrie naturområde. Masser frå tunnelen vil bli lagt i eit søkk på vestsida av elva og dekt til. Utbyggjar har foreslått minstevassføring på 400 l/s sommaren (1. mai – 30. september) og 150 l/s om vinteren (1. oktober – 30. april).

I friluftsliv- og reislivssamanheng er verdien av influensområdet høgast i øvre del av vassdraget, spesielt området frå Ørredalsfossen og oppover dalføret. Fossen, Fitjadalen og Fitjadalsvatnet er svært mykje nytta til friluftaktivitetar. Nedanfor fossen er dalføret trong og utilgjengeleg, og har mindre ferdsel.

Konsekvensutgreiinga syner at den største konflikten med utbygginga er redusert vassføring i Ørredalsfossen. Utbygginga er vurdert å ha *liten til middels negativ konsekvens (-/--)* for landskapet.

Redusert vassføring kan føre til negative konsekvensar for fuktigheitskrevjande planteartar i fossesprøytona. Når det gjeld fugl, spesielt fossefall, meiner søkjar at foreslått minstevassføring saman med avrenning frå restfeltet er tilstrekkeleg for å oppretthalde næringstilgang og hekkemogleheiter. Konsekvensane for flora og fauna er vurdert å vere *liten til middels negativ (-/--)*.

Øysteseelva har hatt brukbar bestand av laks og sjøaure, men situasjonen for fisk er redusert deis siste åra grunna tilhøve i fjorden. Redusert vassføring som følgje av utbygging vil kunne påverke produksjonstilhøva i elva, men søkjar meiner at minstevassføring og bidrag frå restfeltet er nok til å sikre at anadrom strekkje ikkje blir påverka i betydeleg grad. Totalt sett er utbygginga vurdert å ha *liten til middels negativ konsekvens (-/--)* for fiske og ferskvassøkologi.

Dersom BKK får konsesjon til sin overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger, vil tilsiget i Øystesevassdraget bli redusert med om lag 30 prosent.

## Våre merknader

Fylkesmannen viser til at det er eit nasjonalt mål å ta vare på urørt natur og hindre vidare oppsplitting og fragmentering av større samanhengande område. Tal frå Direktoratet for naturforvaltning viser at energisektoren bidrar mest til reduksjon av samanhengande naturområde<sup>3</sup>. Fylkesmannen meiner at regjeringas nasjonale forventingar til kommunane ved planlegging etter plan- og bygningslova bør få innverknad på arealbruken også når det gjeld energisektoren.

Utbyggingane vil føre til at Øystesevassdraget ikkje lenger er uregulert. Fylkesmannen har tidlegare vist til verdien av å sikre heile fjordvassdraget. Vi vil og minne om at det viktigaste

---

3

[Nettsida til Direktoratet for naturforvaltning](#)

argumentet for å sikre heile Øystesevassdraget var dei store friluftinteressene i øvre del av vassdraget. Etter Stortinget vedtak i samband med nasjonal verneplan, kan det synast problematisk å argumentere for å halde vassdraget utan kraftutbygging. Verdiane som er dokumenterte må ein sikre ved å setje vilkår gjennom konsesjonsprosessane.

Overføring av øvre del av Øystesevassdraget vil bidra til meir effektiv utnytting av eksisterande og eventuelt nye kraftverk i Samnanger. Det same gjeld planlagt overføring frå Samnangervassdraget. Slike overføringar er likevel problematiske, og må vegast opp mot andre kostnader.

### **Øysteseprosjektet**

Våre vidare merknader har utgangspunkt i at Øystesevassdraget ikkje vart verna, og at det er gjeve fritak frå Samla plan. Vassdraget er i dag urørt, og framstår med svært gode naturkvalitetar. Utbygging er særleg konfliktfyllt i høve til Ørredalsfossen. Foreslått sommarvassføring vil ikkje ivareta landskaps- og opplevingsverdiane godt nok. Dersom det skal opnast for ei utbygging i Øystesevassdraget må krav til høgare minstevassføring enn omsøkt. NVE bør og vurdere å utvide perioden for sommarvassføring.

Ved eventuell konsesjon må ein og sikre omsyn til anadrom fisk ved å setje krav til minstevassføring, installering av omløpsventil og tiltak for å hindre gassovermetting.

### **Vossadalsprosjektet**

Fylkesmannen er usamd i fastsetting av konsekvensgrad for fleire viktige tema, slik det går fram av søknaden. Vi meiner at dei regionale og nasjonale verdiane må vektleggjast høgare når ein skal ta stilling til omfanget av ei utbygging som omfattar overføringa av øvre del av Øystesevassdraget til Samnanger. Dette vil føre til uønskte irreversible naturinngrep i eit særskilt viktig fjellområde.

Dei samla friluftinteressene i regionen er ikkje presenterte utfyllande nok, og dei samla negative effektane av utbyggingane kjem difor ikkje godt nok fram. Heile områda må visast på eit samla kart. Vi saknar omtale av heilskapen, ikkje minst dei langsiktige, regionale perspektiva. Den langsiktige verdien av å ta vare på større, samanhengande friluftsområde med ulike kvalitetar for ulike brukargrupper gjennom året er undervurdert og må synleggjerast.

Fylkesmannen vil vektleggje eigenverdi av urørt natur og dei langsiktige perspektiva høgare enn det som er gjort i søknaden. Dei negative konsekvensane av utbygginga er undervurdert, spesielt når det gjeld fragmentering og reduksjon av høgfjellsområde, INON-område og regionale friluftsområde.

Fylkesmannen fremjar motsegn til overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger.

### **Konklusjonar**

Fylkesmannen meiner at konfliktnivået i søknaden er undervurdert, både isolert og om ein ser heile området mellom Osterfjorden og Hardangerfjorden under eitt.

Dersom omsøkte utbyggingar blir gjennomført meiner Fylkesmannen at det samla belastning på naturområdet vert for høgt.

Fylkesmannen fremjar motsegn til overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger. Inngrepa vil føre til reduksjon av urørte høg fjellsområde, område av verdi for friluftsliv, opplevingsverdi og landskap.

Ut frå dokumenta som er lagt fram til no legg Fylkesmannen til grunn at utbygging av Øystesevassdraget har fått fritak frå Samla plan. Krav til minstevassføring må ivareta omsyn til landskaps- og opplevingsverdi fullt ut. Vi legg til grunn at omsyn til anadrom fisk vert fullt ut ivareteke gjennom konsesjonsvilkåra.

Fylkesmannen ber NVE utarbeide samla oversyn over eksisterande, planlagde og framtidige inngrep i området mellom Osterfjorden og Hardangerfjorden, som eit underlagsdokument for vektning av verne- og utbyggingsinteressene. Dette vil vere eit viktig grunnlag for å vurdere tolegrensa for samla utbygging av vassdragsnatur i området, jf. naturmangfaldlova § 10.

Med helsing

Terje Aasen e.f.  
fylkesmiljøvernssjef

Kjell Kvingedal  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	Dalekvam
Bergenshalvøens Kommunale kraftselskap	Postboks 7050	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Øystese Kraft AS v/Per Rykkinn	Øystese		
Samnanger kommune	Kommunehuset	5650	Tysse
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen